



**Balestrand kommune**  
Plan og utvikling

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148, dep.  
0033 OSLO

Vår ref.  
11/45-4/AA

Arkivkode  
S01

Deres ref.

Dato  
28.01.2011

**HØYRINGSNOTAT OM LOV OM ELSERTEFIKAT  
- UTTALE FRÅ BALESTRAND KOMMUNE**

Formannskapet handsama i møte 26.01.2011 sak 2/11. Følgjande vedtak vart fatta:

**Vedtak**

Elsertifikat, høringsuttale frå Balestrand Kommune:

Regjeringa si varsla satsing på fornybar energi er fornuftig og nødvendig. Kommunen ser behovet for klimavennleg energi og framtidretta næring, og er samd med regjeringa i at ei ordning med ein felles svensk-norsk sertifikatmarknad er ein god måte å skape eit grunnlag for ei slik satsing.

I Balestrand kommune har vi lagt til rette for utbygging av fornybar energi, og det har blitt bygd to småkraftverk i kommunen, med ein total produksjon på 25,3 GWh. I tillegg er fleire konsesjonssøknader til handsaming i NVE, det er gjeve to konsesjonar og starta utbygging av ytterlegare eit småkraftverk.

Satsinga på rein fornybar energi har vore eit løft for næringslivet i kommunen, med investeringar på rundt 40 millionar kroner på dei to småkraftverka som er ferdig utbygd.

Trass i lovnadene frå sentrale politikarar og skiftande regjeringar vil to av kommunen sine kraftverk vil ikkje få nytte godt av elsertifikatordninga. For desse to kraftverka vart lovnadene om å komme med i ordninga av stor betydning for å realisere prosjekta.

Balestrand kommune krev at alle kraftverk som er igangsett etter 1. januar 2004 vert med i ordninga om el sertifikat.

**Samrøystes.**

Med helsing

Arne Abrahamsen  
Plan og utviklingssjef

Kopi til: Småkraftforeninga, Postboks 123 Lilleaker, 0216 OSLO

---

Adresse:	Sentralbord:	57 65 12 00
Kong Beles veg 20	Telefaks:	57 69 12 05
6899 BALESTRAND	Bankgiro:	3805.07.00043
E-post: postmottak@balestrand.kommune.no	Bankgiro for skatt:	7855.05.14183
Internett: www.balestrand.kommune.no	Organisasjons. nr	970 184 252

  
**Balestrand**  
inspirerer deg